

MØTEREFERAT NYSÆTER SOKNERÅD

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Torsdag 22.februar 2024 19.00 - 21.00
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Opning:	Heine
Kaffi og kjeks:	Sigrid

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Tilstades: Tormod Stautland, Ida Elin H. Tvedt, Sigrid T. Langøy, Bjarne Petterteig, Guro Betten, Heine Kaldefoss, Wenche Midttun, Ingebjørg R. Grønsdal, Fridleif Lydersen (sokneprest).

Dag Sele var med på begynnelsen av møtet fram til etter sak 2024/6.

Forfall: Roald Sangolt, Marit M. Romfog

SAKLISTE

2024/4- 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Vedtak: Godkjent.

2024/5- 012.1 Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 4.januar 2024

Vedtak: Godkjent.

2024/6- Orientering fra Fellesrådet

Saksutgreiing: Fellesrådsleiar Dag Sele informerte om økonomi, budsjett og bemanning framover.

Vedtak: Saken tatt til orientering.

2024/7- Møtekultur

Saksutgreiing: Det vart på forrige møte stilt spørsmål til møtekulturen i soknerådet. Med fokus på om me bør ha avstemning på kvar sak, og om alle vara skal møte på soknerådsmøtene. Me tok ein runde og hørde kva folk tenkte om saken.

Vedtak: Soknerådet ønsker at det fortsatt skal vere slik at vara 2-4 kan møte frivillig på møtene og ha talerett. Første vara skal møte på alle møtene. Soknerådet vil fortsette med konsensus der det er naturleg og stemmer over saker der det er uenigheit.

2024/8- 411 Oppfrisking av ungdomslokalet i kjelleren

Saksutgreiing: Ungdomslokalet i kjelleren er lite nytta slik det er no. Det hadde vore kjekt å gjere rommet litt meir hyggelig og få på plass nokre sofaer for å øke bruken av rommet. Soknerådet ønsker å gjere ein liten oppgradering i form av å male veggene i ein luanre farge, kjøpe inn nokre brukte sofaer og litt dekor. Det er fordel med meir tekstil i rommet grunnet lydforhold.

Vedtak: Det blir gitt løyve til å bruke inntil 20000kr. Prosjektleiar: Sigrid T. Langøy. Det settes opp ein komite først til å sjekke behov og ta valg, deretter vil det blir organisert dugnad for utføring.

MØTEREFERAT NYSÆTER SOKNERÅD

2024/9 -361

Hobbyklubb for barn og unge

Saksutgreiing:

Det er eit ønske om å starte ein hobbyklubb i kyrkja. Eit lavterskeltilbud inspirert av Mat og prat, men for barn og unge. Ein stad der barn i 10-15 årsalderen møtes og held på med hobbyer i lag. Til dømes: Strikking, perling, brettspill og bordtennis. Målet er å ha det ein gong i måneden og legge tidspunktet utanom speideren og aktiviteter på bedehuset for samme aldersgruppe. Kontaktpersoner: Wenche Midttun og Reidun Andersen.

Vedtak:

Soknerådet støtter tiltaket. Hobbyklubben kan prøve seg fram og har mulighet til å søke om midlar etter kvart som dei ser kva behov dei har. Speideren stiller sine hobbyting til disposisjon så lenge det er vaksne som finner fram.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. Det skal komme ein oppslagstavle utanfor kyrkja.
2. Basar 16.mars. Alle både i nye og gamle soknerådet stiller med to gevinster kvar til åretrekking.
3. 17.mars vert det kyrkjemiddag (samarbeid med Sagvåg bedehus) etter gudstjenesta.
4. Årsmøtet vert 28.april.
5. 17.mai frokost
6. Fest i Vest gudstjeneste 30.juni
7. Kyrkja vår - planverktøy.

**Neste møte i Nysæter sokneråd vert torsdag 21.mars kl. 19.00 i Nysæter kyrkje.
Opning: Ida Elin**

Sigrid Theodorsen Langøy
soknerådsleiar
sign.